

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
082/19	Formannskapet	PS	24.10.2019
067/19	Kommunestyret	PS	31.10.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Birger Andersen	FE-150	19/389

Tertialrapport 2 2019

Vedlegg:

Tertialrapport II-2019 Korrigert OM

Framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap tar tertialrapporteringa II 2019 til vitande.

Formannskapet - 082/19 - 24.10.2019

FS - behandling:

Økonomisjef Olav Birger Andersen forklarte tabell i møtet. Austrheim kommune har fått 1,9 mill i ekstra skjønnsstilskot i samband med barnevern, det er ikkje med her. Den største utgiftsposten er lønsutbetalingar og her er ein på budsjett. Ei endring frå 2018 er at da hadde ein lønsutbetalingar til NAV og brannvernet, sidan vi no er i interkommunalt samarbeid får vi ikkje lønsutbetalingar, men refusjonskrav frå vertskommunen i staden.

Jorund Stellberg (uavh) stilte spørsmål ved at forventa vekst i skatteinntekter er høgare enn landsgjennomsnittet.

Olav Andersen svarte at blant anna har stoppen ved raffineriet på Mongstad gitt positivt utslag for Austrheim. Assisterande rådmann Olav Monstad påpeika ei økning i sysselsetninga, som også påvirker skatteinngongen positivt. Per Lerøy (Ap) la til at utbygginga på Mongstad Sør også spelar inn her.

Jorund Stellberg (uavh) spurte om Fylkesmannen har godkjent at utbytte frå Næringssselskapet kan føres på drift, dette kunne økonomisjefen svare bekreftande på.

Slik det ser ut vil Austrheim få minst 2,8 mill kr. i overskot og unngår å bli overtatt av departementet som styringsorgan. Vi treng 4,9 mill kr. for å kome ut av Robek-lista, det er førebels meir usikkert. Per Lerøy (Ap) føyde til at det knyter seg noko usikkerheit til utbytte i samband med Mongstad Vekst.

Dette vert først klart seinare.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

FS vedtak:

Austrheim formannskap tar tertialrapporteringa II 2019 til vitande.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Ein tertialrapport skal etter økonomireglementet vise den økonomiske situasjonen, vise avvik som har oppstått i driftsåret og gjere greie for tiltak som må gjennomførast for å oppnå balanse mellom budsjett og rekneskap, samt konsekvensar for slike tiltak.

Vurdering

Økonomi

I rapporten har rådmannen gjeve status på den økonomiske stoda pr andre tertial, pr.31.08. Rapporten gir greie for utvikling på dei ulike ansvarsområda. I forhold til budsjett er rammetilskot, skatteinntekter og eigedomsskatt over budsjett, det same gjeld andre inntekter. På utgiftssida ligg personalutgifter på, eller litt under budsjett.

Tabellen under er kommentert i vedlegget om tertialrapportering. Det er usikkert rundt utgiftene som gjeld særleg Nav. Nav Fensfjorden ligg etter med krav frå vertskommunen på utgifter som gjeld Austrheim.

Rapporten har fylgjande tabell:

TERTIALRAPPORT NR. 2 ÅR 2019

PR. 31.08.2019							
Inntekter	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	REGNSKAP	AVVIK	ÅRSBUDSJ	ÅRSBUDSJ
	ÅR 2019	ÅR 2019	VIRK-BUD	ÅR 2018	VIRK-2018	ÅR 2019	ÅR 2020
(I hele tusen kr.)	PR.31.08	PR.31.08		PR.31.08	VIRK-2019	OB	RB
Rammetilskudd	65 302	64 064	1 238	63 696	1 606	91 520	91 520
Skatteinntekter	57 378	55 349	2 029	55 101	2 277	89 477	89 477
Eiendomskatt	7 215	6 775	440	7 110	105	13 550	13 550
Andre inntekter	42 953	37 424	5 529	54 071	-11 118	81 957	81 957
Sum inntekter	172 848	163 612	9 236	179 978	-7 130	276 504	276 504
Inntekter	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	REGNSKAP	AVVIK	ÅRSBUDSJ	ÅRSBUDSJ
	ÅR 2019	ÅR 2019	VIRK-BUD	ÅR 2018	VIRK-2018	ÅR 2019	ÅR 2020
(I hele tusen kr.)	PR.31.08	PR.31.08		PR.31.08	VIRK-2019	OB	RB
Personalutgifter	117 514	117 844	330	126 365	8 851	180 949	181 069
Andre utgifter	59 081	47 274	-11 807	64 626	5 545	89 495	89 375
Sum utgifter	176 595	165 118	-11 477	190 991	14 396	270 444	270 444
Resultat	-3 747	-1 506	-2 241	-11 013	7 266	6 060	6 060

Det må understrekest at denne tabellen viser rekneskapsrapporteringa etter 2. tertial. Dette er ikkje ein prognose.

Resultat på ansvarsområde:

Ein gjer merksam på at tala som er vist i tabellen nedanfor er netttotal. Dette vil sei inntekter minus utgifter. Tala for ansvar 3330 Heimetenester II treng ei forklaring. Summen i opprinneleg budsjett er netttotal der statlege inntekter frå ressurskrevjande tenester er trekt frå. Rekneskapstal og tal i rekneskapsprognosen er bruttotal. Grunnen er at inntekter frå ressurskrevjande brukarar først blir lagt inn i desembertala når dei er klare.

Tala for kvart ansvarsområde viser dette:

AVDELINGSREGNSKAP AUSTRHEIM KOMMUNE RAMMEAVVIK PR. 31.08.2019	REGNSKAP	BUDSJETT		ÅRSBUD
	PR.AUG 2019	PR.AUG 2019	AVVIK	OB 2019
1000 RÅDMANN	13 216	11 172	- 2 044	17 088
1100 POLITISK STYRING OG KONTROLLORGAN	2 098	2 230	132	3 379
1900 INTERNE SERVICEEININGAR TIL FORDELING	2 732	2 591	- 141	3 939
2000 ADMINISTRASJON UNDERVISNING	876	1 250	374	1 987
2010 PPT	1 166	1 193	27	1 877
2020 BARNEVERN	7 310	5 261	- 2 049	8 000
2100 ÅRÅS SKULE	14 193	14 617	424	22 960
2110 KALAND SKULE	9 144	8 352	- 792	13 268
2200 AUSTRHEIM KYSTBARNEHAGE	8 080	8 391	311	13 341
2210 KALAND BARNEHAGE	4 300	5 562	1 262	8 875
3000 ADMINISTRASJON HELSE OG SOSIAL	896	741	- 155	1 151
3100 HELSETJENESTER	8 024	7 561	- 463	11 918
3200 SOSIALE TJENESTER	4 927	5 951	1 024	9 005
3300 NORDLIHEIMEN	16 293	14 397	- 1 896	22 764
3310 NORDLIHEIMEN KJØKKEN	2 219	2 364	145	3 674
3320 HEIMETJENESTER I	7 123	6 907	- 216	10 826
3330 HEIMETJENESTER II	10 571	9 744	- 827	8 340
3340 ARBEIDS- OG OPPLÆRINGSSENTER	558	755	197	1 184
4000 BIBLIOTEK	951	1 042	91	1 633
4100 AUSTRHEIM KULTURSKULE	1 103	1 186	83	1 875
4200 UNGDOMSKLUBB-TILTAK BARN OG UNGE	660	628	- 32	980
4300 ANNA KULTUR	310	642	332	980
5000 PLAN, BYGG, OPPMÅLING OG MILJØ	1 068	1 924	856	3 034
5100 LANDBRUK-VETERINÆR	248	333	85	500
6000 ADMINISTRASJON TEKNISK	1 066	1 135	69	1 774
6100 VATN, AVLØP, RENOVASJON	- 1 693	- 1 666	27	- 4 614
6200 KOMMUNALE VEGAR, KAIAR, FRILUFTSOMRÅDER	901	1 080	179	1 620
6300 BEREDSKAP MOT BRANN OG ANDRE ULYKKER, FEIING	2 869	2 333	- 536	3 392
6400 EIGEDOMSAVDELING (BYGG, MASKINER OG UTSTYR)	3 911	4 174	263	6 430
6500 REINHALDSAVDELING	3 643	3 575	- 68	5 376
SUM DRIFT	128 763	125 425	- 3 338	186 556
8000 TILLEGGSLØYVINGAR FORMANNSKAPETS AVGJERSLE	-	100	100	150
8100 TILLEGGSLØYVINGAR KOMMUNESTYRETS AVGJERSLE	40	13	- 27	80
8200 TILLEGGSLØYVINGAR RÅDMANNEN	59	267	208	400
8300 TILLEGGSLØYVINGAR ORDFØRER	17	33	16	50
8990 OVERORDNA KLP UTGIFTER/INNTEKTER	-	254	254	381
9000 SKATT, RAMMETILSKOT, AVDRAG/RENTER, ÅRETS MEIR-/MINDRE FORBRUK	- 125 110	- 124 586	524	- 193 677
9990 SENTRALE POSTAR	- 22	-	22	-
TOTALT	3 747	1 506	- 2 241	- 6 060
	Minus	Minus	Minus	Pluss

Vurdering

Økonomi

Med 1 mill kr. i overskot i 2018, treng Austrheim minst 2,8 mill kr. i overskot i 2019 for å ikkje bli overtatt av departementet som styringsorgan. Vi treng 4,9 mill kr. for å kome ut av Robek-lista. Rådmannen har målet om slikt overskot i det vidare budsjettarbeidet.

Inntekter som rammetilskot, skatteinntekter, eigedomsskatt og andre inntekter, er positive tal så langt. Andre inntekter som utbytte og integreringstilskudd kan bli lågare enn budsjett og vil redusere resultatet. Under utbytte har vi mottatt meir frå BKK enn budsjettert, ca 1 mill kr over budsjett. Utbyttet frå AS Austrheim Næringssekskap er ikke avklart enda. Det vert jobba hardt for å nå det budsjetterte resultatet for 2019, men rådmannen meiner det kan bli utfordrande. Etter at 2. tertial er klart har Austrheim kommune fått tilsagn om 1,9 millionar kroner i skjønnsmidlar frå Fylkesmannen i Vestland.

Konklusjon

Rådmannen tilrår formannskapet og kommunestyret å ta tertialrapporteringa II 2019 til vitande.